



TINN KOMMUNE
Enhet for plan, landbruk og miljøvern

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Deres ref:

Vår ref
2017/4610-4

Saksbeh:
Liv Rigmor Flå, tlf. 35 08 28 26

Arkivkode:
K02

Dato:
04.12.2017

Forslag til endringer i vassforskrifta og naturmangfaldlova - høyringsfråsegn Tinn kommune

Vi viser til vedlagt vedtak.


Med helsing

Liv Rigmor Flå
sakshandsamar

Brevet er signert og godkjent elektronisk og inneheld derfor ingen signatur.

Kopi til:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE	Postboks 2844	3702	SKIEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Notodden kommune	Teaterg. 3	3674	Notodden

**TINN KOMMUNE**

Arkiv: K02
 Saksnr.: 2017/4610-2
 Saksbeh.: Liv Rigmor Flå
 Dato: 31.10.2017

SAKSFRAMLEGG

Forslag til endringer i vassforskrifta og naturmangfaldlova - høringsfråsegn Tinn kommune

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Tinn kommunestyre	107/17	16.11.2017

Saksprotokoll i Tinn kommunestyre - 16.11.2017**kl 13:49****Behandling**

Rådmann Rune Løddøen orienterte.

Kommune og fylkeskommuner er sterkt inne i planen som nå er på høring.

Klima og miljødirektoratet har sendt planen på høring. Den er komplisert, og det er ønske om å forenkle, la staten fastsette planene. Det for å deaktivere det lokale selvstyret. Derfor råder rådmannen at Tinn kommune går imot. Staten ønsker å ta mest mulig gevinst ut av vannet, og ikke at det legges igjen.

Representant Ragnar Gunleiksrud SP sitter i styringsgruppen for Vassområdet, og opplyser at rådmannens innstilling er i samsvar med de øvrige parter fra Telemark: Notodden, Vinje og Telemark fylkeskommune.

Votering

Et enstemmig kommunestyre går for rådmannens innstilling.

Vedtak

Tinn kommune går imot forslaget til endringer i vassforskrifta og naturmangfaldlova som Klima- og miljødepartementet (KLD) har sendt på høring. Forslaget er eit stort tilbakesteg for lokal medverknad i forvaltinga av viktige lokale naturressursar. Kommunen har lojalt støtta arbeidet med utarbeiding av regional vassforvaltingsplan. Det er avgjerande for å nå miljømåla om god vasskvalitet at vassforvaltningsplanane framleis skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova, og at fylkeskommunane framleis skal ha rollen som vassregionmyndigheit. Dette er grunna i:

- Regional vassforvaltningsplan etter plan- og bygningslova er eit godt verktøy for å samordne kommunale, regionale og statlege etatar på tvers av geografiske og administrative grenser, noko som sikrar kunnskapsbaserte, sektorovergripande og heilskaplege planar til beste for vassmiljøet og andre samfunnsinteresser knytta til vatn.
- Regional vassforvaltningsplan etter plan- og bygningslova sikrar demokratiske prosessar gjennom stor grad av medverknad og lokal og regional politisk forankring.
- Fylkeskommunane har rollen som regional samordnar og samfunnsutviklar, og bør derfor ha plan- og prosessansvar for dei regionale vassforvaltningsplanane med tiltaksprogram. Dette er viktig for å setje vassforvaltninga i samanheng med alle samfunnsinteresser knytta til vatn.
- Det er etablert gode samarbeidsformer i vassforvaltninga på lokalt og regionalt nivå som må vidareførast. Organisering i vassområde har ført til lokal forankring av arbeidet, samt generert kunnskap og kompetanse som det er viktig å ivareta.
- Dei statlege overføringane til arbeidet i vassområda må vera stabile over tid, med store nok rammer.

Vedtaket er i tråd med tilrådinga frå Aust-Telemark vassområde.

Rådmannen si innstilling:

Tinn kommune går imot forslaget til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova som Klima- og miljødepartementet (KLD) har sendt på høyring. Forslaget er eit stort tilbakesteg for lokal medverknad i forvaltninga av viktige lokale naturressursar. Kommunen har lojalt støtta arbeidet med utarbeiding av regional vassforvaltningsplan. Det er avgjerande for å nå miljømåla om god vasskvalitet at vassforvaltningsplanane framleis skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova, og at fylkeskommunane framleis skal ha rollen som vassregionmyndigheit. Dette er grunna i:

- Regional vassforvaltningsplan etter plan- og bygningslova er eit godt verktøy for å samordne kommunale, regionale og statlege etatar på tvers av geografiske og administrative grenser, noko som sikrar kunnskapsbaserte, sektorovergripande og heilskaplege planar til beste for vassmiljøet og andre samfunnsinteresser knytta til vatn.
- Regional vassforvaltningsplan etter plan- og bygningslova sikrar demokratiske prosessar gjennom stor grad av medverknad og lokal og regional politisk forankring.
- Fylkeskommunane har rollen som regional samordnar og samfunnsutviklar, og bør derfor ha plan- og prosessansvar for dei regionale vassforvaltningsplanane med tiltaksprogram. Dette er viktig for å setje vassforvaltninga i samanheng med alle samfunnsinteresser knytta til vatn.
- Det er etablert gode samarbeidsformer i vassforvaltninga på lokalt og regionalt nivå som må vidareførast. Organisering i vassområde har ført til lokal forankring av arbeidet, samt generert kunnskap og kompetanse som det er viktig å ivareta.

- Dei statlege overføringane til arbeidet i vassområda må vera stabile over tid, med store nok rammer.

Vedtaket er i tråd med tilrådinga frå Aust-Telemark vassområde.

Innleiing:

Vassforskrifta er heimla i forureiningslova, vassressurslova og plan- og bygningslova. Klima og miljødepartementet har sendt forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfoldlova på høyring, jf. brev datert 05.10.2017. Høyringsfristen er 15.1.2018. Det er forslag om at lov- og forskriftsendringa skal tre i kraft 1.7. 2018.

I høyringsdokumentet som er utarbeidd av Klima og miljødepartementet (KLD) og Olje- og energidepartementet (OED), er følgjande endringar foreslått:

- Vassforvaltningsplanane skal ikkje lenger vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova.
- Naturmangfoldlova skal erstatte plan- og bygningslova som ein av dei tre heimelslovene for vassforskrifta.
- Denne koplinga av vassforvaltningsarbeidet frå plan- og bygningslova, medfører at fylkeskommunar som i dag er vassregionmyndigheit, ikkje lenger skal ha ein formell rolle i arbeidet. Dagens vassregionmyndigheiter vil bli erstatta av utvalde fylkesmenn (regionale vasskoordinatorar).
- Dei regionale vasskoordinatorane får ansvaret for å koordinere det førebuande arbeidet med rullering og oppdatering av vassforvaltningsplanane.
- Miljødirektoratet i samråd med øvrige berørte direktorat skal utarbeide oppdaterte vassforvaltningsplanar og sende planane på høyring. Miljødirektoratet sender tilråding til KLD som godkjenner planane.
- Vassforskrifta skal ikkje fastsetje organisering og prosess på lokalt og regionalt nivå. Dette betyr at Fylkesmannen kan avgjere om det er formålstenleg å dele vassregionen inn i vassområde, og kan sjølv avgjere korleis arbeidet skal organiserast på lokalt nivå.
- Det skal gjerast enkelte justeringar i vassforskrifta for å få betre samsvar med EU sitt vassdirektiv.

Forslaget frå KLD og OED legg såleis opp til store endringar i organisering og gjennomføring av arbeidet etter vassforskrifta. Forslaget vil også føre til endra status for regionale vassforvaltningsplanar. Gjennom denne saka blir kommunestyret bedd om å ta stilling til om arbeidet etter vassforskrifta skal gjennomførast som regional plan etter plan- og bygningslova, eller om det skal vera ein statleg prosess.

Vedtak i Aust-Telemark vassområde

Styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde handsama høyringa i møte 03.11.2017 i sak 02.03, og vedtok følgjande fråsegn:

For å oppretthalde demokratiske prosessar som sikrar medverknad og lokal forankring, og ei god samordning mellom statlege, regionale og kommunale etatar på tvers av sektorielle og geografiske grenser, tilrår Aust-Telemark vassområde at vassforvaltningsplanane fortsatt må vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova. Dette vil sikre gode og heilskaplege avvegingar og prioriteringar i arbeidet.

For å ta vare på kunnskap og kompetanse som er bygd opp lokalt og regionalt i vassforvaltningsarbeidet, og framleis skape god lokal og regional forankring og medverknad, må det vidare arbeidet tuftast på dagens organisering med fylkeskommunale vassregionar og lokale vassområde.

Fakta:

Dagens organisering av arbeidet etter vassforskrifta

EU sitt rammedirektiv for vatn vart vedteke i 2000, og innført i norsk lov ved vassforskrifta i 2007. Vassforskrifta er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Formålet med vassforskrifta er å sikre godt vassmiljø og bærekraftig bruk av vassressursane. Vassforvaltninga skal vera heilskapleg og nedbørfeltbasert, på tvers av geografiske og administrative grenser. Vassforskrifta deler landet i 11 vassregionar, som igjen er delt i vassområde. Ein fylkeskommune i kvar region er utpeika som vassregionmyndigheit som koordinerer plan- og prosessarbeid i heile vassregionen. Dei andre fylkeskommunane innafor vassregionen har plan- og prosessansvar i eige fylke. Fylkesmennene har ansvar for det faglege innhaldet i vassforvaltningsarbeidet.

For å nå målet om heilskapleg og økosystembasert vassforvaltning, er det utarbeidd sektorovergripande regionale vassforvaltningsplanar, der det er sett økologiske miljømål for alle vassforekomstar og utarbeidd tiltaksprogram for å nå miljømåla. Arbeidet etter vassforskrifta følgjer syklusar på seks år, der første landsdekkjande planperioden var 2010-2015. Gjeldande planar som vart vedteke av alle åtte fylkesting i vassregionen i 2015, og godkjent med endringar av KLD i juli 2016, skal følgjast opp og gjennomførast, samtidig som rulleringa og oppdateringa av planane skal vera ferdig i 2021.

Tinn kommune deltek i vassforvaltningsarbeidet i Aust-Telemark vassområde saman med Vinje og Notodden kommunar. Vassområdet er ein del av Vest-Viken vassregion og har Buskerud fylkeskommune som vassregionmyndigheit. Arbeidet i Aust-Telemark vassområde er organisert med styringsgruppe, arbeidsgruppe og vassområdekoordinator. Ein politiske representant frå fylkeskommunen og ein frå kvar av kommunane utgjer styringsgruppa. Representantar på administrativt nivå frå kommunane, fylkeskommunen, Fylkesmannen og regulanten sit i arbeidsgruppa. Vassområdekoordinator som er tilsett i 50 % stilling i Tinn kommune, er sekretær for gruppene og har det daglege oppfølgjingsarbeidet i vassområdet. Arbeidet er finansiert som eit spleiselag mellom kommunane og fylkeskommunen. Fylkesmannen og miljødirektoratet har også delteke med midlar inn i spleiselaget. Tilskotta har variert frå år til år, noko som gjer det vanskeleg å planleggje arbeidet på lang sikt.

I Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, er det konkludert med at ei organisering med vassområde og vassområdekoordinatorar tufta på spleiselag mellom stat, fylke og kommunar bør oppretthaldast. Både Tinn, Vinje og Notodden gav i høyringa til planen uttrykk for at ei framtidig organisering av arbeidet bør byggje vidare på dagens modell med vassområde og lokal forankring i kommunane. Tinn kommunestyre vedtok i møte 19.12. 2016 i sak 170/16 å vidareføre arbeidet i Aust-Telemark vassområde for perioden 2017-2021.

Bakgrunn for forslaget til endringar av vassforskrifta

I høyringsdokumentet skriv KLD og OED at endringsforslaget først og fremst er grunna i erfaringane frå arbeidet med gjeldande planar i perioden 2010-2015. Utarbeiding av vassforvaltningsplanar etter plan og bygningslova, med utvalde fylkeskommunar som vassregionmyndigheit, var omfattande, omstendeleg og ressurskrevjande. Departementa meiner at arbeidet best kan forenklast ved at vassforvaltningsplanane ikkje lenger skal vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova.

KLD og OED viser til at det i retningslinene for oppgåvedeling i *Meld. st. 22(2015-2016) Nye folkevalgte regioner-rolle, struktur og oppgaver* blir understreka at staten bør ha ansvaret for oppgåver som har stor nasjonal verdi og som derfor krev eit nasjonalt perspektiv. Departementa meiner at arbeidet etter vassforskrifta er ei slik oppgåve. Det blir m.a vist til at forvaltningsplanane er Noregs oppfølging av EU sitt vassdirektiv, med innrapportering til EU av mål og resultat. Det er derfor viktig at det blir sett realistiske mål som er vurdert i eit nasjonalt perspektiv, t.d. på område som vasskraft, landbruk, drikkevatt miljø m.m.

KLD og OED har i vurderinga av ny organisering konkludert med at fylkesmennene er best skikka til å leie det regionale arbeidet, og koordinere innspel til endringar i planane frå lokale og regionale aktørar. Vidare meiner dei at departementa er best eigna til å vurdere lokale og regionale endringar i vassforvaltningsplanane i eit nasjonalt perspektiv. Enkelte direktorat skal etter forslaget ha eit særleg ansvar for å vurdere miljømåla innafor eige ansvarsområde, samt behovet for unntak frå miljømåla.

Departementa forventar at dei foreslåtte endringane vil gje ein betydeleg reduksjon av økonomiske og administrative ressursar.

Nasjonale undersøkingar/ evalueringar av vassforvaltningsarbeidet

Det vart i planperiode 2010- 2015 gjennomført fleire evalueringar og undersøkingar av arbeidet etter vassforskrifta.

Kommunenes sentralforbund (KS) har utarbeidd ein rapport om administrative kostnader for kommunane <http://www.vannportalen.no/nyheter/2017/okt-des/rapport-om-kommunesektorens-kostander-med-vannforvaltning/>. Rapporten er tydeleg i konklusjonen om at dei samla tilskotta som vassforvaltinga på regionalt og lokalt plan får frå staten, over tid må få sikrare økonomiske rammer. Dei må også stå i samanheng med kompleksitet og omfang av oppgåvene. Til no har det vore økonomisk underdekning frå staten si side i høve til dei administrative vassforvaltingsoppgåvene staten legg på regionale og kommunale ledd.

By- og regionforskningsinstituttet NIBR har gjennomført følgjeforskning på implementering av EU sitt vassdirektiv i norsk forvaltning i prosjektet WAPABAT. Informasjon om arbeidet og sluttrapporten "Sammen om vannet?" ligg på <http://www.vannportalen.no/nyheter/2017/jan-mars/rapport-sammen-om-vannet/> Hovudinstrykket frå studien til NIBR er følgjande:

- Det er ein styrke for vassforvaltningsarbeidet at alle sektorområde som påverkar vassmiljøet møtest på same arena, og at avvegingar og prioriteringar for betre vassmiljø blir gjort regionalt.
- Alle aktørane som deltek i arbeidet (kommunar, fylkeskommunar, regionale statlege myndigheiter), opplever at den nye vassforvaltninga er formålstenleg for å oppnå godt vassmiljø på sikt.

- Omsynet til vassmiljøet blir betre ivareteke i kvar sektor.
- Alle aktørane opplever at nedbørfeltorientert fokus i arbeidet har ført til eit meir heilskapleg perspektiv i vassforvaltningsarbeidet.
- Koordinatorar på vassregion- og vassområdenivå er viktig for lokal forankring og god måloppnåing i arbeidet.
- Manglande nasjonale avklaringar mellom ulike sektormål har komplisert det regionale arbeidet.

I Riksrevisjonen si undersøking av KLD sitt arbeid med å sikre godt vassmiljø og bærekraftig bruk av vassressursane (<http://www.vannportalen.no/nyheter/2016/okt-des/riksrevisjonens-rapport-om-vannforvaltningen/>) blir det m.a. påpeika:

- Dagens organisering gjev kommunale og regionale plan- og sektormyndigheiter høve til å samarbeide, noko som medfører at det kan takast viktige tverrsektorielle avgjerder om vassmiljøet/bruken av vassressursane.
- KLD, saman med ansvarlege sektordepartement, har ikkje lagt godt nok til rette for det regionale planarbeidet. Dette har ført til at aktørar som har ansvar for aktuelle verkemiddel ikkje har delteke i arbeidet, noko som har skapt utfordringar med samordning av verkemidla for å nå måla i vassforskrifta.
- Dei fleste kommunar har ikkje prioritert arbeidet høgt nok, og regionale sektormyndigheiter har delteke for lite i utarbeiding av sentrale analysar og dokument.
- Regional prioritering av tiltak i regulerde vassdrag vart overprøvd ved den sentrale godkjenninga, utan at det var dialog med regionale myndigheiter undervegs i godkjenningsprosessen

Norsk institutt for naturforskning (NINA) har publisert rapporten “Vannforvaltningsplanar i Norge – opp som en løve, ned som en skinnfell? En dokumentanalyse av planprosessen i regulerde vassdrag som følge av regjeringens godkjenninger i 2016” Rapporten ligg på [Rapport \(1.474Mb\)](#) Rapporten gjev følgjane anbefalingar for det vidare arbeidet:

- Tydeleg politisk styring på tvers av sektorinteresser og forvaltningsnivå
- Staten må utarbeide rettleiarar i god tid før gjennomføring av planprosessar
- Klåre føringar for den nasjonale godkjenninga av planane
- Betre involvering og inkludering av regionale planorgan
- Stimulering til raskare gjennomføring av vilkårsrevisjonar, samt betre kopling til regionale planar
- Klargjere forenkla innføring av standard naturforvaltningsvilkår i regulerde vassdrag.

Vurdering:

KLD og OED grunngjev forslaget til endringar av vassforskrifta med mindre kostnad og større effektivitet, samt at ein skal oppnå betre harmonisering med vassdirektivet. Det er derimot ikkje argumentert for at endringa er naudsynt for å nå det overordna målet med arbeidet etter vassforskrifta, som er at alle vassdrag, grunnvassforekomstar og kystvatn skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand. Dagens organisering av vassforvaltningsarbeidet med politisk styring på lokalt og regionalt nivå, har skapt lokal forankring og engasjement som er viktig i arbeidet for å nå miljømåla. Endringsforslaget medfører at forvaltningsplanane med miljømål og tiltak vil bli utforma på direktoratsnivå, utan politisk medverknad. Det er vanskeleg å forestille seg at ein prosess som blir lagt til fylkesmennene og Miljødirektoratet vil oppnå same grad av lokal forankring og engasjement.

Plan og bygningslova stadfestar gjennom krav til deltaking og medverknad at statlege etatar og kommunar både har rett og plikt til å delta i regionale planprosessar. Ved å kople vassforskrifta frå plan- og bygningslova fell denne heimelen bort. Sjølv om det blir lagt opp til å vidareføre dette prinsippet i vassforskrifta, er det uklårt kva juridisk konsekvens det vil ha for planane at dei blir heimla i naturmangfaldlova.

Kommunane har ein nøkkelrolle i vassforvaltninga, sidan kommunane er nær både vatnet og innbyggjarane. Det har både politisk betydning og er av ålmenn interesse at kunnskap og engasjement som kommunen har om lokale vassforekomstar, blir nytta i vassforvaltninga. Kommunane har eigne brukarinteresser knytta til vatn, og vassforskrifta er eit sentralt verkty for kommunane i å nå eigne brukarmål for vatnet. Dessutan er kommunane sektormyndigheit med verkemiddel innan avløp, landbruk og arealbruk.

Godt vassmiljø har stor verdi for samfunnsutvikling, t.d. for bulyst, næringsutvikling, reiseliv m.m. God og heilskapleg vassforvaltning bør derfor omfatte alle samfunnsinteresser som er knytta til vatn. Dette krev god lokal og regional kunnskap. Dersom vassforvaltningsplanane blir fråkopla plan- og bygningslova, vil ikkje arbeidet lenger vera ei samordning mellom kommunale, regionale og statlege etatar, og mykje lokal og regional kunnskap og interesser kan risikere å ikkje bli fanga opp i planane.

I høyringsdokumentet blir det påpeika at planprosessen har vore omfattande, omstendeleg og ressurskrevjande. Dei gjennomførte evalueringane syner derimot at den omfattande prosessen var naudsynt for å skape eit eigartilhøve til arbeidet etter vassforskrifta. KLD og OED meiner at oppdatering og revurdering av vassforvaltningsplanane bør forenklast. Generelt vil ei planrullering vera enklare og mindre omfattande enn planane av første generasjon, så rulleringa vil i utgangspunktet krevje mindre ressursar. KLD og OED søkjer å oppnå ei forenkling av arbeidet ved å kople planane frå plan- og bygningslova, noko som vil gå på bekostning av medverknad og politisk styring, m.a.o. mindre høve til demokratisk påverknad på mål og tiltak.

KLD og OED peikar i høyringsdokumentet på at staten bør ha ansvaret for "oppgaver som gjør krav på sentrale beslutninger, og som forutsetter et nasjonalt helhetsbegrep for oppgaveløsning". NIBR har i følgjeforskinga til vassforvaltningsarbeidet derimot funne at det er ein styrke at avvegingar og prioriteringar blir gjort regionalt, for å tilpasse nasjonal politikk i ein regionale samanheng på ein god måte.

Det vil ikkje bli sett krav til organisering i vassregionane i vassforskrifta. Det er såleis usikkert om vassområda, som i følge nasjonale evalueringar har vore ein suksessfaktor for lokal forankring og aktivitet, vil bestå etter forskriftsendringa. Det er bruka mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt i vassområda, og det er vesentleg i det vidare arbeidet for god måloppnåing at kompetansen blir vidareført. Dei statlege overføringane til fylkesmennene til vassforvaltningsarbeid, vil truleg vera avgjerande for kor stor vekt vassregionane vil leggje på graden av lokal og regional involvering. Statleg finansiering av lokalt og regionalt vassforvaltningsarbeid utgjorde i perioden 2010-2015 ein liten del av spleiselaget. Etter regionalt påtrykk om stabile og store nok statlege overføringar til arbeidet, auka overføringane i 2016 og 2017. I forslag til statsbudsjett for 2018 er derimot posten "Generell vassforvaltning" redusert med kr.13,6 mill.

Dagens organisering med sin «bottom-up struktur», på tvers av geografiske og sektorielle grenser og med stor grad av medverknad, har vore eit nybrottsarbeid som det tek tid å få på plass. Organiseringa har framleis nokre manglar for å få til ei god samordning/ gjennomføring av arbeidet. Men som NIBR-rapporten konkluderer: «Vi er på god veg». Det er derfor svært uheldig at KLD og OED legg opp til ei endring av organiseringa, frå lokal forankring og demokrati, til statleg styring. Dette skjer berre eitt år etter at planane vart sett i verk, og såleis lenge før ein kan sjå resultatet av arbeidet som er gjort på lokalt og regionalt nivå for å oppnå godt vassmiljø. Endringane som er foreslått kan medføre ei svekking av det lokale vassforvaltningsarbeidet i ei viktig fase i tiltaksgjennomføringa, der resultatet kan bli at ein ikkje når målet om god økologisk og kjemisk tilstand.

Konklusjon:

Tinn har store vassressursar og arbeidet etter vassforskrifta omfattar svært viktige interesser for kommunen. Det er derfor vesentleg å sikre lokal styring av arbeidet. Det er såleis viktig at vassforvaltningsarbeidet framleis blir kopla til plan- og bygningslova, da dette gjev demokratiske prosessar gjennom stor grad av medverknad og lokal forankring, tydelege planprosessar og politisk vedtekne forvaltningsplanar.

For å ta vare på kunnskap og kompetanse som er bygd opp lokalt og regionalt i vassforvaltningsarbeidet, og framleis skape god lokal og regional forankring og medverknad, må det vidare arbeidet tuftast på dagens organisering med fylkeskommunale vassregionar og lokale vassområde.

Den nye vassforvaltninga etter vassforskrifta har vore eit nybrottsarbeid, som har foregått på tvers av etablerte geografiske og administrative grenser, og med stor grad av medverknad. Det er derfor naturleg at ikkje alle aktørar heilt har funne sin plass i arbeidet enda, og at det framleis krev tilpassingar før alt skal fungerer optimalt. Dagens organisering bør kunne utviklast og byggjast vidare på i tråd med forbedringspunkt som fleire av dei nasjonale evalueringane og undersøkingane har påpeika.

Det er svært uheldig at KLD og OED legg opp til ei endring av organiseringa berre eitt år etter at planane vart sett i verk, og såleis lenge før ein kan sjå resultatet av arbeidet som er gjort på lokalt og regionalt nivå. Endringane som er foreslått kan medføre ei svekking av det lokale vassforvaltningsarbeidet i ei viktig fase i tiltaksgjennomføringa.

Vedlegg:

- 1 Høring av forslag til endring i vannforskriften og naturmangfoldloven(1)
- 2 Høringsnotat(1)

Journalposter i saken:

- | | | | | |
|---|---|------------|---|------------------------------|
| 1 | I | 05.10.2017 | 12/3974 Høring av forslag til endringer i vannforskriften og naturmangfoldloven | KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET |
| 2 | S | 31.10.2017 | høring | |

